

SPORTSPLAN

Sportsplanen skal vere eit styringsdokument for fotballgruppa i idrettslaget og gje støtte i det sportslege arbeidet både på kort og lang sikt.

Med sportsleg helsing
Fotballgruppa i Treungen IL
30.01.2021

Organisering:

Fotballgruppa er ei gruppe under Treungen IL v/leiar Elin Fjalestad, 93877906. Sjå treungenil.no eller Treungen Idrettslag på Facebook.

Styret i fotballgruppa i 2021 består av:

Lena Holskar, tlf. 41548847

Jørgen Grundt, tlf. 98498325

Olav Gaastjønn Tveit, tlf. 90509876

Katrin Houthuizen, tlf. 40096126

Bjørn Leirvik, tlf. 98658408

Kasserar Unni Løken, uloeke@online.no, tlf. 90763665

Fotballbanen er eit kommunalt idrettsanlegg og drivast av Nissedal kommune. Nissedal kommune står for vedlikehald av banen, idrettslaget står for merking. Even Holskar har hatt merkejobben i mange år og vil enten ta den på seg i år også, eller lære opp nye. Idrettslaget eig klubbhuset og sørger for vask av klubbhuset når det er behov for det.

Alle har ansvar for rydding og orden på banen. Vi kan legge søppel på kommunen sin plass på Sommarsletta.

Alle som speler fotball i Treungen IL må melde seg inn i idrettslaget ved å lage ein brukar på Min Idrett. <https://minidrett.nif.no> I tillegg må alle spelarar over 12 år vere registrerte i Fiks.

Kun spelarar som er registrerte i idrettslaget og på Fiks er forsikra. Det er leiar som har ansvar for å registrere spelarane inn i Fiks.

Betaling:

Treningsavgift på fotball er kr 500 pr. person. Konto 2714 10 05966. Alle må være medlem av Treungen idrettslag. Medlemsavgift er 200,- for vaksne og 100,- for born. Konto 2714 58 03336. Unni sender ut faktura for både medlemskontingent og fotballtreningsavgift kvart år.

Fotball-lag 2021:

G8/J8: Gutar/jenter 7-8 år, 5'ar x 2 lag: Anders Gautefald Berg og Geir Ufs

J10: Jenter 9-10 år, 7'ar: Anne Karin Grimstveit og Bente Meyer

G10: Gutar 9-10 år, 7'ar: Jan Robert Meyer og Rut S. Nielsen

G12: Gutar 11-12 år, 7'ar: Jørgen Grundt og Anders Gautefald Berg

J12: Jenter 11-12 år, 7'ar: Rune Sanden og Lena Holskar Sanden

J 13: Jenter 13 år, 9'ar: Gjermund Rygh og Olav Gaastjønn Tveit

G14: Gutar 13-14 år, 7'ar: Helge Tveit, Tellev Tveit og Michael Berggren

G/J16: Gutar/jenter 15-16 år, 9'ar: Hølje Haugsjå og Geir Tveiten

Vi må kvart år vurdere kor mange lag og kva for ei samansetting av årskulla det blir, for det er avhengig av kor mange som er med og spelar. Styret gjer dette i samarbeid med

trenarane. Det må gjerast tydeleg for føresette at styret i samarbeid med trenarane har dette ansvaret.

Informasjon og inspirasjon til trenarane:

Treningsøkta.no: Her finn trenarar blant anna skreddersydde treningsøker på video tilpassa ulike aldrar og ferdighetsnivå. Hølje, Anne Karin og Lena er administratorar for Treningsøkta og kan gje ut brukarnamn og passord for trenarar i klubben.

På fotball.no finn kvar trenar mykje god informasjon om spelarutvikling. Både treningsprinsipp og øvingar for alle alderstrinn. NFF anbefaler hyppig bruk av denne sida.

Styret bør oppmode alle trenarar til å ta trenarkurs i regi av NFF.

Målsetting:

Drifta av dei einskilde lag skal være så lik som råd.

Alle lag bør få tilbod om trening minst 1 gong pr veke store delar av året. Samtidig kan trenarane vere med å oppmuntre til å trene allsidig, både nytte andre treningstilbod i idrettslaget og trene/leike uorganisert.

Vi skal skape eit miljø for engasjement og glede for spelarar, støtteapparat og i nærmiljøet.

Vi skal gi tilbod til ALLE, uavhengig av kjønn, alder, ferdigheit og målsettingar.

Vi skal tilrettelegge for utvikling av trenarar, dommarar og andre.

Vi skal tilrettelegge for å sende lag til cupar. Det bør vere ei målsetting at kvart årskull får oppleve deltaking på Norway Cup ein gong.

Ansvarleg: Treungen IL

Verdisett på feltet:

Treungen IL deler NFF sin visjon: Flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg.

(Utdrag frå punkt «B. VERDISETT PÅ FELTET. NFF's «Kvalitetsklubb Sportsplan»)

* Tilpasse treningar til den einskilde spelar si utvikling og ferdighetsnivå.

Differensiering dreier seg ikkje om å dele gruppa inn i «dei gode» og «dei mindre gode».

Differensiering er å individualisere treninga innafor ramma av laget.

* Vi deler inn jamne grupper innan kvart lag der det er passande, både i trening og kamp.

Det er ikkje aktuelt å setje saman dei «beste pr. dato» på eitt lag og «resten» på eit andre lag.

Gruppene vert sette saman utifrå kriterium kameratskap og mangfald i ferdigheit.

* Ved påmeldinga til seriespel må trenarar og styret prøve å finne ei avdeling med «riktig» nivå på motstandarlag. Erfaringar frå tidlegare sesongar må vere det viktigaste kriteriet ved påmelding.

Påmelding til 5'ar, 7'ar, 9'ar eller 11'ar må spegle storleiken til treningsgruppa, eventuelt med hospiteringsspelarar, og sikre kvar spelar rikeleg med speletid. Klubben melder på nok lag, (og store nok lag), til at alle får mykje speletid. For NFF er det eit uttalt mål at over ein sesong så skal alle spelarane ha tilnærma lik speletid. (Sjå punkt B8 i NFF's sportsplan)

Ungdomsfotball:

- *Dersom klubben har villige trenarar kan det leggjast til rette for ekstra treningar/tiltak på tvers av lag ope for alle.
- * Ved kapasitet bør klubben også ha spelarutviklingstiltak på tvers av lag og alderssteg.
- * Spelarar med særleg motivasjon og ferdigheit bør få trene og spele på lag på høgare årstrinn i tillegg til sitt opprinnelege lag. NFF tilrår ikkje hospitering før borna er 10 år.
- *Styret må vere ein pådrivar for representasjon på sonelag.

Informasjon til hjelp i fotballkvardagen:

Treungen IL v/trenarane set opp køyre- og kampvertlister som blir sendt ut på dei ulike foreldregruppene på Messenger. Dei føresette er ansvarlege for at dette blir fylgd opp.

Eventuelt bytte må skje innbyrdes.

Kiosken er stengt i år pga smitteverntiltak for covid-19.

Ved heimekampar; hugs å take imot motstandar og dommarar som gjestar.

Spelarane må møte minst ein halv time før kampstart.

Spelarane er ansvarleg for å møte til trening og til kampar, minst ein halvtime før kampstart.

Gje beskjed i GOD TID viss du ikkje kan møte.

Trenarane må sørge for tilgang til førstehjelpsutstyr, ballar og drakter. Spelarane må ha med eigen drikkeflaske med namnet sitt på. Trenarane skal føre lister på kven som har delteke på trening og kamp.

Telemark Fotballkrets har laga eit kjekt informasjonshefte til hjelp i fotballkvardagen.

App: Min fotball – oppfordrar alle til å laste ned den appen.

Foreldrevettreglar:

1. Støtt opp om klubbens arbeid.
2. Møt fram til kampar og treningar, du er viktig.
3. Gi oppmuntring til alle spelarane, i med- og motgang.
 4. Gi ros til begge lag.
5. Respekter trenarane si kampleiing, ta eventuell konstruktiv dialog etterpå.
 6. Respekter dommarane sine avgjersler.
7. Opptre støttande - og vær ein god "medspelar"

Fair Play:

Fair Play er eit viktig område å ha fokus på.

Det skal bidra til at vi har eit fotballmiljø prega av trivsel og tryggleik.

Alle lag skal stille opp på ei rekke og helse med eit «lykke til» før kamp. Etter kampen skal laga stille opp på ei rekke att for å takke for kampen. Det er trenarane sitt ansvar å sørge for at dette blir gjennomført på ein ordentleg måte. Det kallast Fair Play-helsing.

Trafikksikker klubb:

*Vi er med Telemark Fotballkrets om å være ein trafikksikker klubb.
Det gjeld å tenke sikkerheit når vi frakter ungar til og frå trening og kampar.
Vi har ingen å miste, og dette er derfor eit viktig prosjekt.*

Ansvar: Treungen IL, føresette og spelarane.